

STYRET

Sak 2013/11 Kommunedelplanarbeid - “Nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal”

Behandlast i:	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	Møtedato
Saksbehandlar:	Espen Remme	12. - 13.02.2013
Arkivkode:		
Saksmappe:	2013/185	

Forslag til vedtak:

1. Styret for Helse Møre og Romsdal HF sluttar seg til prosessen knytt til arbeid med kommunedelplan i kommunane Gjemnes, Kristiansund og Molde som del av planlegging av nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal.
2. Styret legg til grunn framdrift og spesifikasjonar i tråd med saksframlegget.
3. Styret er takksame for at Møre og Romsdal fylkeskommune vil bistå i kvalitetssikring og sameining av planprogram, utgreingar og konsekvensutgreiing i tråd med plan og bygningslova.

Ålesund, 6. februar 2013.

Astrid J. Eidsvik
adm. direktør

Vedlegg:

1. Vedlegg 1: Innkalling til oppstartmøte kommunal delplanprosess.

Saksutgreiing:

1. Grunnlag

Bakgrunnen for saka skriv seg frå utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal HF vedteken i sak 2012/99 i Helse Møre og Romsdal HF, og seinare understøtta av Helse Midt-Norge RHF i sak 92/12. Adm. direktør legg opp til at det i sak 2013/10 blir gjort vedtak om å starte opp tidlegfaseplanlegging for planlegging av nytt akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal, som det høgst prioriterte tiltaket kva gjeld større investeringar i føretaket.

I utdrag frå sak 2012/99 Utviklingsplan for Helse Møre og Romsdal HF, står det om struktur og geografisk plassering:

6. *Styret legg vidare til grunn at eit felles akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal bør **plasserast mellom dei to sjukehusa vi har i dag.***
7. *Styret ønskjer no at føretaket skal gå inn i "idéfasa" med eit geografiske område for det nye akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal, plassert på akse frå-og-med Hjølset til-og-med søre del av Frei. Styret har merka seg høyringsuttalane og faglege rapportar som understrekar fordelane ved eit bynært akuttsjukehus og føreset at det vert teke omsyn til desse vurderingane i det vidare arbeidet.*

Dette medfører at plasseringa av det nye akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal, avgrensar seg geografisk til tre aktuelle kommunar. Dette er kommunane Gjemnes, Kristiansund og Molde. Desse tre kommunane er kalla inn til oppstartsmøte for kommunedelplan, saman med Statens Vegvesen, Fylkesmannen og Møre og Romsdal fylkeskommune ved relevante einingar. (vedlegg 1)

2. Prosessen

Prosessen med å finne fram til tomt for det nye akuttsjukehuset for Nordmøre og Romsdal skal mellom anna følgje plan og bygningslova. For Helse Møre og Romsdal HF er det viktig å koordinere arbeidet etter plan og bygningslova og sitt eige arbeid etter "IS-1369 Tidligfaseplanlegging i sykehusprosjekt".

Administrasjonen i Møre og Romsdal Fylkeskommune har på førespurnad frå administrasjonen i Helse Møre og Romsdal HF sagt seg viljug til å bistå i den føreståande planarbeidet i dei tre respektive kommunane. Møre og Romsdal fylkeskommune har to roller i dette arbeidet:

- Fylkeskommunen si rolle som øvste regional planmynde.
- Fylkeskommunen si rolle i dette konkrete prosjektet som koordinerande instans og kvalitetssikrar for planarbeidet etter plan og bygningslova.


Kva gjeld andre kulepunkt over, er det presisert frå Møre og Romsdal fylkeskommune at dei ikkje vil delta i føretakets kvalitative vurderingar av dei ulike tomtealternativa. Det er utelukkande som kvalitetssikrar av prosess og innhald i medhald av plan og bygningslova at fylkeskommunen vil ha ei rolle.

Administrasjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune har gitt signal til føretaket om at dei vil legge fram ei sak for fylkesutvalet om støtte til den kommunale delplanprosessen med inntil kr 600.000. Tildelinga er naturlegvis avhengig av positivt vedtak i fylkesutvalet. Intensjonane med tildelinga av midlane, er at dei skal nyttast i samråd med kommunane og fortrinnsvis til eksterne utgreiingar.

For å sikre at planprogram, kommunedelplanane og konsekvensutgreiingane vert utført på ein måte som gjer at planarbeida kan samanliknast av tiltakshavar, er det behov for eit overordna samarbeidsorgan for det kommunale planarbeidet. Helse Møre og Romsdal HF vil derfor utnemne eit overordna samarbeidsorgan for kommuneplanarbeidet. Dette samarbeidsorganet skal ha likeverdig representasjon frå dei tre respektive kommunar, med Møre og Romsdal fylkeskommune som samordnande instans og sekretariat, og der helseføretaket sine representantar møter når det fell seg naturleg eller er ønskjeleg.

3. Tidsplan

Følgjande framdriftsplan vert skissert for den kommunale delplanarbeidet.



Det er stilt klare forventningar frå tiltakshavar til at kommunedelplanarbeidet skal foreligge fullendt i løpet av juni 2014.

4. Tomtespesifikasjon

Følgjande åtte *hovudkriterium* er lagt til grunn for vurderingane, med nokre *underkriterier* som forklaring av innhald:

1. Tomtens form og storleik
 - Storleik, form, topografi, sol og utsikt.
 - Det er krav om tilgjenge på 120 mål tomt. Dette for å sikre naudsynt fleksibilitet og framtidig utvidingsbehov.
 - Ekspansjonshøve.
 - Hellingsgrad bør vere relativt flat.

2. Tomtens tilgjenge

- Overordna nærleiksbehov (jf. Vedtak HMR HF 2012/99)
- Tilgjenge for ambulanse.
- Tilgjenge for brukar/publikum, tilsette (egen biltransport/ kollektiv).
- Nærleik til personalbustadar (omfang/ avstand).
- Nærleik til andre tenester og samarbeidspartnarar (Vaskeri, servicetenester).
- Helikopterberedskap sokkelen.

3. Tomtens miljømessige og tekniske kvalitetar

- Grunnforhold.
- Teknisk infrastruktur og forsyning (elektrisk, vatn og avløp).
- Utsikter til tilknytning til fjernvarme, evt. varmepumpe.
- Vegtilknytning.
- Lokalt klima.
- Støy og støv.
- Risikoforhold (Skred og flom).

4. Eigjarforhold og alternativ bruk

- Eigjarforhold.
- Alternativ bruk, andre interessentar, eventuelle konfliktar (landbruk, andre utbyggingsplaner, miljø og kulturminner, landskapsvern).

5. Infrastruktur

- Vassforsyning.
- Avløpsvann.
- Overvatn.
- Avfallshandtering.
- Vegtilkomst, gang- og sykkelveger.
- Høgspenning straumforsyning.
- IKT-forsyning.

6. Planstatus

- Status i forhold til Plan- og bygningslova.

7. Økonomi og tidsaspekt

- Kjøp av tomt (friviljug eller oreigning).
- Tomtepris.
- Tomtekostnader tilrettelegging (Tilkomst, vatn og avløp, krav om eksterne tiltak før byggestart eller bruksstart (rekkefølgebestemmingar i reguleringsplan)).
- Personalbustadar (tilgang til eller areal til).
- Tidsaspekt (Når er tomte byggeklar).
- Risikovurdering - usikkerhet i kostnadsbildet.

8. Landskap

- Utbygginga si betydning for landskapet (omgjevnadane).
- Landskapskvaliteter for sjukehuset (for medarbeidarar, pasientar og besøkande).

4. Andre viktige moment til vurdering

Det er ein føresetnad at kommunane har felles planprogram. Ein føreset også felles metodisk tilnærming til KU og felles utgreiingar der ein finn dette fagleg tenleg.

Helse Møre og Romsdal HF er gjennom nasjonale og regionale føringar pålagt eit samfunnsansvar. Plassering av eit nytt akuttsjukehus i Nordmøre og Romsdal har store samfunnsmessige konsekvensar. Ein ønskjer i eit regionalt perspektiv å få nærare vurdert kva konsekvensar plassering av sjukehuset får for utvikling i regionsentra Molde og Kristiansund.

Ein ønskjer også ei vurdering av konsekvensar i forhold til nasjonalt mål om at transportbehov vert avgrensa. (Med særleg visning til "Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging og til Klimaforliket.)

Det skal også gjerast vurderinga av rekrutteringskraft i forhold til plassering. Eit nytt moderne akuttsjukehus må vere rekrutteringsdyktig i forhold til høgt kompetente fagpersonell. Det er avgjerande viktig for tiltakshavar at plassering av sjukehuset representerer nærleik til by og urbane område på ein slik måte at det ikkje svekkar rekruttering og stabilisering av fagpersonell.

Konsekvensutgreiingane må ha som ytre ramme den maksimale dimensjonen eit nytt sjukehus kan ha, j.f. Utviklingsplanen sin bygningsmessige del. Innanfor dette kan det vere aktuelt også å diskutere mindre komplekse alternativ.

5. Prioritering

Tiltakshavar Helse Møre og Møre og Romsdal vil krevje at kommunane prioritetar sine ulike alternativ internt, og kjem med eit førsteval. Ved fullendt kommunal sakshandsaming skal respektive kommunar konkludere med det prioriterte tomtealternativet.